

**Arbeidsutvalet - Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland**

<b>Møte:</b>	<b>25-2023</b>
<b>Tid:</b>	<b>Tysdag 17. kl 15.30 - onsdag 18. oktober kl 13.00</b>
<b>Stad:</b>	<b>Skjerjehamn</b>

**Til stades:**

<b>Arbeidsgruppa:</b>	Kristin Nåmdal (Alver), Ingvild Høydal (Gulen), Sveinung Toft (Masfjorden), Pelle Engesæter (Osterøy), Knut Trefall (Vaksdal), Asbjørn Toft (Austrheim)
<b>Andre:</b>	Terje Villanger (TV), Hans Kristian Dolmen (HK), Bent Gunnar Næss (BG),
<b>Referent</b>	Bent Gunnar Næss
<b>Forfall</b>	Rolf Martin Raknes (Fedje)

Arbeidsgruppa - samling på Skjerjehamn med overnatting. Det var besøk til Firda Seafood med omvising ute på eit akvakulturanlegg og på fabrikken onsdag 18. okt.

<b>Sak 16/23</b>	<b>Godkjenning – saksliste og innkalling</b>  <b>Vedtak:</b> Det var ingen merknad til saksliste og innkalling.
<b>Sak 17/23</b>	<b>Referat – forrige møte</b>  Referatet var sendt ut tidlegare for kommentarar.  <b>Vedtak:</b> Referatet vart godkjent.
<b>Sak 18/23</b>	<b>Planen – oppfølging – praktiske ting</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Synspunkt på det framlegget til plan som er sendt ut Så langt var der ikkje kome fram noko som gir behov for endring.</li> <li>• Plankart – må oppdaterast etter vedtak i kommunestyra med dato for vedtak Kvar einskild kommune tek kontakt med Terje for å få det utført. Terje returnerer kart med riktig dato til kommunane, Region Nordhordland (BG) og til Statsforvaltaren, Vestland fylkeskommune og evt andre Kommunane må gjere vedtaket kjent på vanleg måte. Region Nordhordland legg også kart ut med dato for vedtak.</li> <li>• Føresegn vert også oppdatert med dato for vedtak i kommunestyra – BG legg det ut på heimesida til Region Nordhordland.</li> <li>• Nordhordlandskart og visning av vedteke arealplan i sjø saman med KPA Det var semje om at når ein går inn på Nordhordlandskart og vil vise status for arealføremål i kommuneplan så må også arealplan i sjø vere med. Poenget er at dei som ser på kartet må få fram kva som er gjeldande status for arealet, uavhengig om det er vedteke i IKP sjø eller KPA. Når ein i kartet trykker på arealføremålet skal ein ideelt sett få fram føresegn osb. Det kan vise seg å vere vanskeleg, men det vil bli sett på.</li> </ul>

	<p>Kvar enkelt kommune må avklare med Terje korleis dette skal gjerast for å sikre at naudsynte oppdateringar kjem på plass</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Avklare ved revidering av KPA korleis føresegne for IKP sjø skal vidareførast Det må takast høgde for at den interkommunale planen for sjø vil bli revidert.</li> </ul>
Sak 19/23	<p><b>Evaluering av arbeidet – erfaringar som kan være nyttige å ta med seg - positive og negative – stikkord for det som vart gjennomgått</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Organisering <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Sekretariat Må ha eit sekretariat med god nok kapasitet Kartarbeidet må vere med i arbeidsgruppa Planfagleg kapasitet – må vere med - Prosjektfagleg – framdrift</li> <li>○ Arbeidsgruppa Ta ansvar for eigen kommune – fagleg Må ha realistiske forventningar for kva arbeidsgruppa kan bidra med og kva som er naturleg. Klare ansvar og fordeling</li> <li>○ Interkommunale planutvalet</li> <li>○ Referansegruppene</li> <li>○ Verdien av arbeidet - Lærerikt - Tenke regionen – også – samla for kommunane</li> </ul> </li> <li>• Faglege innhald <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Innkjøp av tenester Naudsynt – for å få truverd i framstillinga – objektive fakta Viktig å få rett person – frå konsulentelskapet Rett styring – og god dialog må sikrast undervegs</li> <li>○ Kontakt med fagmiljø Verdifullt med møta med HI og ulike fagmiljø</li> </ul> </li> <li>• Prosessen <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Internt i regionen</li> <li>○ Opp mot statlege mynde og fylket</li> <li>○ Kontakt med ulike interesser</li> <li>○ Lokal medverknad kunne vore sterkare - men må også vurderast opp i mot kva som er realistisk</li> <li>○ Open møte – fungerte bra</li> <li>○ Open kontor møte – var også ein del som melde seg – det fungerte bra</li> <li>○ Kunne hatt ein grundigare prosess i forkant – av planprogrammet – spissa på korleis areal skal disponerast</li> <li>○ Tydelegare i planprogrammet – avklart forholdet sjø og land</li> </ul> </li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Skulle det politiske vore meir engasjert i diskusjonen</li> <li>○ Økonomi</li> </ul> <ul style="list-style-type: none"> <li>● Plankart – må oppdaterast etter vedtak i kommunestyra med dato</li> <li>● Det skal inn i framtidig KPA - Må skje ein oppdatering Litt ulike kor mykje som må gjerast i kvar einskild kommune</li> </ul> <p>Kvar enkelt kommune må avklare med Terje korleis dette skal gjerast for å sikre at naudsynte oppdateringar kjem på plass</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● Avklare ved revidering av KPA korleis føresegnene for IKP sjø skal vidareførast</li> <li>● Nordhordlandskart – visning</li> <li>● Kunngjering – på heimesida til Regionrådet + kommunane</li> </ul>
<b>Sak 20/23</b>	<p><b>Vegen vidare – planfagleg samarbeid</b></p> <p>Med dei erfaringane som er gjort med å utarbeide ein felles arealplan i sjø for regionen hadde Kristin tatt initiativ til å sjå på om samarbeidet innafor planlegging i regionen kan utviklast.</p> <p>I første omgang er det å sjå kva område som er mest naturleg å samarbeide om korleis det kan organiserast. Dette vart diskutert. Det som synes å vere mest naturleg å samarbeide tettast om var dei overordna planane.</p> <p>I første omgang vil det bli søkt Statsforvaltaren om midlar til å gjennomføre eit forprosjekt der ein vil få avklart kva som er mest nærliggande å samarbeide om og korleis det bør organiserast.</p> <p>Prosjektet vert forankra i kommunedirektørgruppa og Regionrådet.</p>